

# 2011 - 2012



VIL-løparane gir alt

**Langrennsgruppa  
Valldal Idrettslag**





## Lokale arrangement

### Telenorkarusellen/Valldal/Liabygda-cup 2012

Tysdag 10. januar:	Valldal	fristil	kl 18.30
Tysdag 24. januar:	Liabygda	klassisk fellescup LIL	kl 18.30
Tysdag 7. februar	Valldal	klassisk	kl 18.30
Torsdag 16. februar	Liabygda	klassisk fellescup SIL	kl 18.30
Tysdag 28. februar:	Valldal	skikross/fristil	kl 18.30
Torsdag 8. mars:	Liabygda	fristil fellescup LIL+SIL	kl 18.30

### Sonerenn

Søndag 21. januar	Stordal IL	klassisk (kretsrenn)	kl 13.00
Søndag 29. januar	Valldal IL	skikross fristil	kl 13.00
Laurdag 18. februar	Norddal IL	klassisk	kl 13.00
Søndag 4. mars	Eidsdal IL	Sonestafetten	kl 13.00
Søndag 18. mars	Liabygda IL	Fristil	kl 13.00

Startkontingent t.o.m. 16 år kr 50 f.o.m. 17 år kr 70  
 påmelding ved start gjev eit tillegg på kr 30  
 Full premiering.

Påmelding til Alf Hoel, tlf 70 25 79 80 eller ap-hoel@online.no **innan torsdag kl 22.00.**  
 Oppgje fødselsår ved påmelding.

### VALLDALSMESTERSKAPET

Søndag 1. april 2012 kl 13.00 på Omenås, reserve Grønningsæter  
 Klassisk stil - full premiering  
 Påmelding innan fredag 30.03.12 til Alf Hoel, tlf 70 25 79 80 eller ap-hoel@online.no

### SMØRJEHJELP

Det er gratis smørjehjelp i samband med renn i lysløypa som går i klassisk stil.

### DEKKING AV STARTKONTINGENT

Langrennsgruppa betalar startkontingent på sone- og kretsrenn utanbygds.

### VINTERTRIM

Trimpostar utplassert i perioden 20. desember 2011 – 09. april 2012.  
 Postane er markert med raude kasser. Registrering av namn og antall turar.  
 Postane finst på følgjande plassar:

Klovset	post plassert på sel
Lysløypa	post i øvre ende på "Myklebustsida"
Høgshaugen, Gjerde	post plassert nær ved hytte
Alstadsæter	post plassert ved bru
Uttrekkspremiar	



# Løypevalet er ditt!

**Vårt råd er:**

**Velg løypesporet til VIL-langrennsgruppa  
og din lokale sparebank som din bank,  
så kjem du trygt i mål!**



**SPAREBANKEN MØRE**

Tlf 70 11 30 00 – E-post: [kundeservice@sbm.no](mailto:kundeservice@sbm.no)

## Vi er på heimebane!



**GJENSIDIGE**  
**Indre Sunnmøre**

**– lokalt styrt og lokalt eigd sidan 1859 –**

**Postboks 134, 6201 Stranda**

**Tlf. 70 26 92 50 – Faks 70 26 92 51**

**[www.gjensidige-sunnmore.no](http://www.gjensidige-sunnmore.no)**




## **Valldal Grønt AS**

6210 Valldal - Tel. 70 25 85 90 – Faks 70 25 75 21  
post@valldal.com

# Vi utfører alle typer byggeoppdrag!

Har du planer om å bygge bustadhus så ta kontakt med oss.  
Vi sender deg ein huskatalog eller du kan gå inn på  
[www.vestlandshus.no](http://www.vestlandshus.no)



**HT BYGG**  
**HELLESYLT**



**VESTLANDS HUS**

**HT Bygg Hellesylt** – 6218 Hellesylt

Tlf 70 26 85 50 – [hellesylt.trevare@htre.no](mailto:hellesylt.trevare@htre.no) – [www.htre.no](http://www.htre.no)

Nybygg

Restaurering

Etablert



1988

**DALEBØ – HØGHJELLE**

Tlf./faks 70 25 90 02

Mobil 915 83 230

Tlf. 70 25 86 23

Mobil 976 69 985



**TRANSPORT – SPEDISJON**  
**SAMLAST**  
**FORSIKRING – AGENTUR**

6200 STRANDA

TLF. 70 26 92 00 FAX 70 26 92 01



**Vi har rask levering av parafin,  
fyringsolje, diesel og smøreolje**

**Villaservice Olje AS**

Bingsa Industriområde, 6019 Ålesund

Telefon: 70 15 45 00 / E-post: [olje-as@online.no](mailto:olje-as@online.no)

Ditt lokale **Shell Oljesenter**

**NR Norddal Rekneskapskontor AS**  
6210 Valldal Tlf 70 25 96 60 – Faks 70 25 96 61

**Rekneskap – Eigarskifte  
Budsjett – Arveoppgjer  
Økonomisk rettleiing**

*Aktiv medhjelpar i lokal  
næringsutvikling*



*Autoriserte regnskapsførere*



**N A R F**

Norges Autoriserte  
Regnskapsføreres Forening

# RENN 2011-2012

## Sparebanken Møre Cup

30.12.2011	Molde og Omegn IF	Fristil normaldistanse
14.01.2012	Surnadal IL	Sprint (også KM)
15.01.2012	Surnadal IL	Langdistanse, klassisk (også KM)
12.02.2012	Tomrefjord IL	Fristil normaldistanse (også KM)
24.03.2012	Sykkylven IL	Klassisk normaldistanse
25.04.2012	Valldal IL	Duatlon

## Kretsmesterskap

14.01.2012	Surnadal IL	Sprint
15.01.2012	Surnadal IL	Langdistanse, klassisk
21.01.2012	Stordal IL	Klassisk
11.02.2012	Hovdebygda IL	Stafett
12.02.2012	Tomrefjord IL	Fristil normaldistanse

## Andre renn

04.12.2011	Isfjorden IL	Klassisk normaldistanse – Bjorli
04.-05.02.2012	Molde og Omegn IF	MidtNorsk mesterskap – 13-16 år klassisk-fristil
25.02.2012	Betna IL	Fristil normaldistanse
18.-19.02.2012	Oslo	Ungdommens holmenkollrenn
10.03.2012	Oslo	Ungdomsstafetten

## Turrenn

05.02.2012	Isfjorden IL	Isfjorden rundt – 29 km
11.02.2012	Molde og Omegn IF	Skardiltetn – seedingrenn til Birkebeinerrennet
11.02.2012	Oslo	Holmenkollen skimaraton
19.02.2012	Tomrefjorden IL	Svartløken rundt – 22 km fristil
26.02.2012	Sykkylven IL	Fjellsæterrunden – 28 km
26.02.2012	Surnadal IL	Nordmarksrunden
04.03.2012	Osmarka IL	Osmarkarunden – 22 km
04.03.2012	Betna IL	Glåmsprinten – 20 km
04.03.2012	Aure IL	Klakkrennet – 30 km
10.03.2012	Lillehammer	Ingalåmi
11.03.2012	Engesetdal IL	Heiåna – 28 km
11.03.2012	Fjellhug-Vereide IL	Rypeskarrennet – 25 km
17.03.2012	Rena-Lillehammer	Birkebeinerrennet – 54 km
01.04.2012	Markane IL	Holmøyskarrennet – 25 km
21.04.2012	Geilo IL	Skarverrennet – 38 km fristil

## Nasjonale mesterskap

26.-29.01.2012	Voss IL	NM senior del 1
02.-04.03.2012	Medkila/Harstad	Hovedlandsrennet 15-16 år
16.-18.03.2012	Kjelsås IL	NM junior
30.03.-01.04.2012	Fauske	NM senior del 2
20.-25.03.2012	Trondheim	NM senior skiskyting

## Påmeldingar:

Påmelding tur- og kretsrenn til **Alf Hoel, tlf 70 25 79 80** innan kl **22.00** tysdag før renn-dagen eller via terminlista på [www.skiforbundet.no](http://www.skiforbundet.no)



# Klassisk eleganse



## Ta grep med Safira!

**Oras Safira** er vår klassiker. Den praktiske bøylehendelen gjør det enkelt å regulere temperatur og vannmengde. Ta grep med Safira.  
[www.oras.com](http://www.oras.com)



Rørleggar

**Harald Starheim**

6210 Valldal Tlf. 70 25 78 69 Mobil 916 98 096





# Sesongen 2010–2011

## November

Sponsoravtalene med H.L. Muri AS, Sparebanken Møre og Gjensidige Indre Sunnmøre var gjeldande også denne sesongen. Avtalane gjev kjærkomne kroner i kassa.

Snøen og kulda kom tidleg, men litt for lite snø til å få fullt utbytte. Det var "ruskeskia" som måtte brukast før jul. I tillegg var det i kaldaste laget.

Storfjordlangrenn og kretslaget til Møre og Romsdal skulle hatt skisamling på Bjorli, men meir snø på kysten enn i innlandet gjorde at denne vart flytta til Tomrefjorden. Der var det flotte forhold, men mildvær om søndagen tærte mykje på snøen.

Nasjonal opning på Beitostølen både for langrenn og skiskyting. Hans Martin Gjedrem stilte i skiskyting med gode resultat, men nådde ikkje målet om å kvalifisere seg til verdscupen. I staden blei det europacup denne sesongen.

## Desember

Storfjordlangrenn skulle hatt skisamling på Gållå, men denne vart flytta til Vaksvikfjellet og Valldal på grunn av sprengkulde. Det var i kaldaste laget også her, og litt for lite snø, men det var likevel

fullt mogleg å trene, om ikkje med dei beste skia. Heile desember var prega av kulde og lite snø, men det var høve til å bruke skia for dei ivrigaste. Nokre entusiastar brukte også snøskuffene for å få meir snø inn i løypene på Omenås.

Programheftet til langrennsgruppa vart sendt ut til innbyggjarane i Tafjord, Fjørå og Valldal. Dette er ein viktig måte å informere om kva som skal skje i til vinteren. I tillegg vart det selt annonser som er ei god inntektskjelde for langrennsgruppa. Småfluglane fekk også sitt ved sal av julenek.

Før jul vart det som tidlegare år sett ut fire trimpostar på Alstadsætra, Høgshaugen på Gjerde, Klovset og i lysløypa. Postane stod ute til april. Premiar vart som vanleg trekt ut på marknaden, mellom dei som hadde besøkt postane.

Det første rennet i kretsen var Romjulsrennet på Molde 30. desember. Fleire løparar frå Valldal fekk ei god sesongopning. Iver Matias Linge Glomnes og Trond Marius Vad fekk 3. plassar i sine klassar, og Lars Anders Hoel nr. 5 i menn 19/20 år. Hans Martin Gjedrem stilte også opp og vann seniorklassen. I jenter 18 år fekk Anne Kristin Hoel 3. plass.



Blide gutar på skikafé.

## Hos Valldal Bilsenter AS

får du utført: \*Periodisk kjøretøykontroll \*Hovudettersyn \*Service \*Oppretting av karosseriskade \*NAF vegteneste, tlf 906 46 280 \*Bilvask \*Massey Ferguson



## Bilverkstad – Kiosk – Bensinstasjon

### VISNES KALK A/S

Våre forhandlere på indre Sunnmøre:

- Per Svein Tandstad, Straumgjerdet Tlf 70 25 14 36
- Leif Torbjørn Valdøl Tlf 70 25 77 36
- Magne Skuseth, Eidsdal Tlf 70 25 97 64
- Oddvar Tynes, Hellesylt Tlf 70 26 36 50
- Hallvard Fjorstad, Stranda Tlf 70 26 45 34

**6493 LYGSTAD – Tlf. 71 29 92 20**

## *Nord-Vest Revisjon AS*

**Statsautorisert revisor Vegard Lødøen**

**Registrert revisor Sverre Hungnes**

Avd. Valldal, tlf. 70 25 85 70 – Avd. Sjøholt, tlf. 70 25 85 75

Mobil 976 70 075

DAME OOG HERRE FRISØR I VALLDAL SENTRUM



Pb 111 – 6211 VALLDAL – TLF. 47 34 14 57

BESTILL TIME PÅ NETT: [WWW.KLIPIIT.NO](http://WWW.KLIPIIT.NO)





Skikross for dei minste på Omenås.

## Januar

Skikafeen på klubbhuset starta opp første torsdag i det nye året. Dette har blitt eit populært møtepunkt i vintersesongen. Veldig mange små og store møter opp og tek ein kortare eller lengre runde i lysløypa, eller hiv seg utfor akebakken med akebrett eller kjelke. Etterpå eller innimellom er dei innom kafeen og et kveldsmat, eller berre tek seg ein kopp kakao eller kaffi å varme seg på. På ein slik kveld kan vi telje opp mot 50 bilar, så dette er tydelegvis eit populært tiltak. Kjøkkentenesta går på omgang, og så snart vaktlistene er delt ut så går dette av seg sjølv.

Skitreningar kom i gang med tilbod til både dei yngste og dei som er litt eldre. Løparar frå Stordal og Liabygda var med på nokre av treningane. Langrennsgruppa har i alt 15 skøyteskipar til utlån til born under 12 år, og dette tilbodet vart flittig brukt også denne sesongen.

Sonerenna kom i gang med dei første renna 9. januar i Norddal og 15. januar i Valldal. Rennet i Valldal vart arrangert som skikross og det er ein populær arrangementsform som mange likar, særleg blant dei yngste klassane. Alle går to rundar og det er lagt inn hindringar og utfordringar i ei løype på ca. 1 km.

Individuelle KM vart arrangert på Grøa og Søya i Surnadal. I klassisk vart Trond Marius Vad nr. 2 i G-17 og Anne Kristin Hoel nr. 3 i J-18. Lars Anders Hoel vart nr. 3 i menn 19/20. Iver Matias og Kornelius Linge Glomnes vart nr. 8 og 11 i sine klassar.

I KM-sprint fristil vart Trond Marius kretsmeister,



Sonerenn gir god trening i å konkurrere.

Lars Anders fekk 2. plass og Anne Kristin 3. plass. 6. og 10. plass på Iver Matias og Kornelius.

Januar vart avslutta med sonestafett i Eidsdal 30. januar. Dette rennet samla fleire enn eit vanleg sonerenn, og VIL stilte opp med fleire lag med både born og vaksne. I fleire av klassane vart det siger til Valldal.

Valldal Liabygda-cup/Telenorkarusellen er i gang. Det første rennet som skulle gått på Omenås 11. januar, blei utsett på grunn av kulde.

## Februar

Skikafeen hadde framleis godt oppmøte. Mange vaksne trente ivrig mot turrenna Inga-Låmi og Birkebeineren, både torsdag og andre dagar.

Februar var ein aktiv skimånad med mange til-



Her er det kanskje nokon som i framtida vil gå Birkebeinerrennet.

bod om skirenn både lokalt og nasjonalt, både lange og korte løp. Vi fann også representantar frå Valldal i støtteapparatet på ulike arenaer. Geir Myklebust og Harald Gjedrem var engasjert som smøreansvarleg på Stranda vidaregåande skule. Dei var også i smøreteamet til TOKO på nasjonale renn, spesielt i skiskyting.

Ingen frå Valldal deltok på Midt-Norsk mesterskap som gjekk i Nord-Trøndelag.

Hovudlandsrennet for 15 og 16-åringar gjekk i Granåsen i Trondheim. Iver Matias Linge Glomnes var einaste deltakar frå Valldal og han gjekk ein svært god etappe på Møre og Romsdal sitt 2. lag på stafetten.

Siste søndagen i januar var det KM-stafett på Skaret på Molde. Her stilte Valldal lag i herrar senior med Lars Anders, Trond Marius og Iver Matias på laget. Dei fekk ein sterk 2. plass med sitt svært unge lag. Hans Martin Gjedrem deltok i internasjonale renn i skiskyting. Han gjorde mange gode løp både i Europacupen og Norges-cup.

## Mars

Junior NM vart arrangert i Selbu 11-12. mars. Anne Kristin Hoel, Lars Anders Hoel og Trond Marius Vad deltok. Dei deltok også i Spar-cup.

Valldal har mange ivrige turrennløparar, som ofte var å sjå i lysløypa. Nokre deltok i lokale renn som Isfjorden Rundt, Skardilten, Fjellsæterrunden og Heiåna.

I år var det også fleire damer frå Valldal IL som deltok i jenteskrennet Ingalåmi på Lillehammer ein laurdag i mars. Det vart ei fin oppleving i strålende vinterver, og det gav meirsmak. Så sjå opp for valldalsdamer i løypene ved Birkebeineren skistadion neste år!

Mellom mange tusen deltarar i Birkebeinarrennet fann vi også i år fleire frå Valldal. Ambisjonane var ulike når dei starta, men dei fleste syntest dei hadde hatt ei god oppleving når dei 54 kilometerane var unnagjort.

Avslutninga i Sparebanken Møre cup var i år lagt til vårt distrikt siste helga i mars.

Duatlon i Valldal er fast på programmet, og arran-

## STORE HYTTER 200m FRA SKISTADION



Allergivennlige ( røyk og dyrefrie )

[www.kragebakk.no](http://www.kragebakk.no)

Ring (+47) 90101143 / 90794512

Høy standard

3 soverom, kjøkken, TV  
og Internett



# Rempro

PRODUKSJON AV FIBERARMERTE KOMPOSITTPROFILER  
6212 Liabygda – Tlf. 70 26 26 00 – [www.rempro.no](http://www.rempro.no)

gørstaben fekk gode tilbakemeldingar for eit vel gjennomført arrangement. Lysløypa og stadion er perfekt for denne type skirenn.

Lokale deltakarar i tillegg til dei som deltok i Sparebanken Møre cup heile vinteren var Oda Krågebakk, Marte Nerli, Synne Hovden, Eskil Linge Glomnes, Gaute Høydal Lingaas, Jon Estil Krågebakk, Ina Lossius Indreeide og Karoline Høydal Lingaas.

Siste rennet i Sparebanken Møre cup vart arrangert av Stordal IL i klassisk stil på Stavsengsfjellet. Svært vanskelege smøreforhold gjorde at dei smørefrie skia kom til sin rett og pallen var dominert av dei som hadde valt dette. Både Lars Anders, Anne Kristin og Trond Marius fekk kvar sine singlar, medan Iver Matias var nr. 4 og Ina Lossius Indreeide nr. 5.

Samanlagt i cupen (4 av 6 renn er gjeldande) vart det førsteplassar til Trond Marius Vad og Anne Kristin Hoel og tredjeplassar til Iver Matias Linge Glomnes og Lars Anders Hoel. Kornelius Linge Glomnes fekk 9. plass totalt. Sjølv om deltakinga frå Valldal var tynn, vart det gode plasseringar på kretsniivå.

## April


Laurdag 2. april arrangerte idrettslaget marknad på samfunnshuset. Langrennsgruppa har sine oppgåver der. Det var premieutdeling for **Valldal Liabygda cup / Telenorkarusellen**, som er eit samarbeid mellom Valldal, Liabygda og Stordal. Seks renn vart arrangert, tre i Valldal og tre i Liabygda fordelt utover vinteren frå januar til mars. Om lag 25 deltok i minst fire renn og gjorde seg fortent til samanlagtpræmie. Alle born som deltok i minst to renn fekk præmie frå Telenor; hue, hals og drikkeflaske.

Det har vorte tradisjon å legge Valldalsmeisterskapen til skjærtorsdag, men i år var påska så sein at det i staden vart VM første søndag i april. Deltakinga var god også i år, særleg i barneklassen under 8 år (33 deltakarar) og i herreklassen (22 deltakarar).

Sesongen var over og skitstyr vart pakka vekk. Trakkemaskina vart parkert og dyktige sjåførar som gjennom vinteren sørga for flotte forhold, tok ein velfortent pause. Ein stor takk til Magne Hoel, Terje Hoel, Jostein Gjerde og Fridjon Døving og koordinator Geir Myklebust.



Premiar til dei minste.



***Økonsult as***

**BANKGT. 1, 6201 STRANDA**

Postboks 109

Tlf. 70 26 91 40 – Faks 70 26 91 49

E-post: [firmapost@okonsult.no](mailto:firmapost@okonsult.no)



**Ferdigbetong – Betongpumping  
Sand – Singel**

**Tlf. 70 25 77 11 Mobil 450 01 405**

**Faks 70 25 78 01 – E-post: [kontor@syltemoasandtak.no](mailto:kontor@syltemoasandtak.no)**



Då er dei ivrigaste i gong med "Jorbærdilten" under VIL-langrenn sitt Olsokarrangement i sommar.

Frå 2011 var årsmøta i idrettslaga flytta til våren, i tråd med sentrale føresegner. Tidlegare har årsmøta vore i november/desember. Langrennsgruppa sitt årsmøte vart avvikla 7. april.

Det nye styret såg slik ut:

Kristi Linge Stakkestad, leiar

Aksel Indreeide, nestleiar

Magnhild Grønningsæter, kasserar

Turid Løvoll, styremedlem

Magne Hoel, styremedlem.

Varamedlemmar: Per Jomar Nerli, Mette Hovden.

## Mai

Magne Hoel og Aksel Indreeide var utsendingar til skitinget for Møre og Romsdal skikrets i Ålesund 21. mai.

## Juli

Valldal IL arrangerte *Mefjellet opp* søndag 24. juli. Ny rekord med 217 deltakarar fordelt på både konkurranseklasse og mosjon. Overraskande

mange gode løparar på nasjonalt nivå tok turen. Johan Bugge sette ny løperekord for andre året på rad. No er rekorden på 44.45 min. Øyvind Heiberg Sundby, som vann senior NM i motbakkeløp, kom 14 sekund bak. I dameklassa vart det siger til May Britt Buer frå Gular.

Helga etter var det Olsok i Valldal. Ein tradisjon som har vart i 20 år. Også innhaldet var tradisjonelt, med rømmegraut, grillmat, vaflar og jordbær, med Jorbærdilten, lulleskistafett og underhaldning. For tradisjonelt meiner nokon, men publikum møter opp att kvart år. Kanskje ikkje i enorme mengder men nok til å gje langrennsgruppa eit bra overskot på arrangementet.

Nytt av året var at langrennsgruppa som som arrangør av ein konsert med SKRUK i Sylte kyrkje fredagskvelden. Dette blei ein stor suksess og ein fin start på helga med eit publikum på 275 personar. Medlemmane i SKRUK ønskte seg til



- *Prosjektutvikling*
- *Stålarbeider*
- *Totalenterpriser*
- *Betongrehabilitering*
- *Bygge- og anleggsarbeider*
- *Betongsaging og kjerneboring*
- *Betong- og tommerservice*
- *Transport/kraning*

## Din lokale samarbeidspartner



# CHRISTIE

Sofus Jørgensens v 5, 6415 MOLDE  
 Tlf. 71 20 31 00 – Faks 71 20 31 01 – [post@christie.no](mailto:post@christie.no)  
 Avd. Sunnmøre  
 Tlf. 70 17 24 70 – [bjorn@christie.no](mailto:bjorn@christie.no)

## Graving og transport



*Selboskar & Relling*

# MASKIN AS

6210 Valldal – Tlf. 975 00 550/918 12 240

Zetor

Same

Lamborghini

Deutz

**Reparasjoner  
 på alle typer traktorer  
 Service på staden**

# REMSETH MASKIN AS

6210 Valldal – Tlf. 70 25 96 50 – Faks 70 25 96 51  
 Vakttelefon 916 94 113 – [www.remseth-maskin.no](http://www.remseth-maskin.no)



**Tlf. 900 14 035 – [www.valldal.no](http://www.valldal.no)**



Kretslandet 2011/12.

jordbærbygda for å ete jordbær - og det fekk dei! Dei skytte og var svært fornøgd med serveringa - og vi håpar på eit godt samarbeid ein annan gong i framtida.

Laurdag var det eit perfekt olsokver med overskya, blikkstilt og 20 grader. Det var svært mykje folk på hamna, særleg dei første timane, men det er ei utfordring å halde på folket etter kl. 15-16. Engasjert programleiar var i år, som i fjor, Erik Østli frå Beitostølen.

### **August**

Skiløparane tok til å røyve på seg att. Storfjordlangrenn og kretslandet har allereie hatt fleire samlingar og begge laga hadde samling i Valldal i midten av august. I Storfjordlangrenn finn vi Iver Matias. Trond Marius er med på kretslandet.

### **September-oktober**

På Samfunnshuset var det tilbod om innetretning med vekt på spenst, koordinasjon og styrke. Oppslutninga utover hausten var variabel, men jamt over god. Det var også tilbod om å delta på Stordal og Liabygda sine barmarkstreningar og rulleskitreningar.

På Stordalshelga i langrenn i starten av oktober var det både instruktørar og deltakarar frå Valldal.

Gjennom sommaren har ivrige mosjonistar hatt felles trimturar kvar tysdag. Når haustmørket seig på vart trimmen flytta til lysløypa.

Intersport Moldetorget ved Audun Nerland kom på besøk for å informere om nytt innan ski og skiutstyr. Det vart også tatt opp bestilling på ny klubbdress.

**Få full glede av skiopplevelsene  
med riktig utstyr fra**

**G-SPORT STRANDA**

TELEFON 70 26 00 60



**SPORT**

[www.orskogsparebank.no](http://www.orskogsparebank.no)



**ØRSKOG**  
*Sparebank*

6240 Ørskog – Tlf. 70 27 35 50 – Faks 70 27 35 70 – E-post: [post@orskogsparebank.no](mailto:post@orskogsparebank.no)

**Alt i driftsmidler  
og maskiner til landbruk  
og hagebruk**

**Gressklippere – gresstrim-  
mere og ryddesager**

**Håndverktøy – Elektro-  
verktøy**

**Smøreoljer**

**Vaskemidler**

**For og utstyr for kjæledyr  
Snøfresere**

**Suzuki påhengsmotorer –  
Båter og båtutstyr**

**m.m.**



**Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal**

**Avd. Åndalsnes, tlf. 48169103**



Startside

Produkt

Service

Om oss

Historie

Jobb

Kontakt



## Historie

### KRAFTIGE ANKERHÅNTERING SFARTØY

I 2009 leverte I.P. Huse verdens kraftigste ankerhånderingsvinsj til verdens kraftigste ankerhånderingsfartøy. Fartøyet har en trekraft på over 340 tonn.



I.P. Huse AS - Steinshamn, 6487 Harøy  
Tlf. 99 27 60 00 - [www.iphuse.no](http://www.iphuse.no) - [iph@iphuse.no](mailto:iph@iphuse.no)



# Kjære skiløpar!

Vi skriv november og adventstida nærmar seg med stormsteg. Det er likevel førebels lite som minner om vinter her på Sunnmøre. Marker og vegar er berre, Trollstigen er framleis open og vi må høgt til fjells for å finne snø. I denne "grøne" skisesongen er rulleskia gode å ty til for dei ivrigaste skiløparane. Dei andre smører seg med tolmod og håper at snøen lavar ned sånn omtrent 23. desember.

Forrige skisesong vart lang, med snø i lysløypa frå november til april. Vi vil også i år sende ein stor takk til trakkemaskingruppa som står på gjennom heile sesongen for å lage gode løyper og akebakke til oss andre. Så snart snøtilhøva tillet det, i snø eller sludd og ofte i mørket, er dei trufaste sjåførane i gang med vinterjobben sin. Når snøtilhøva er gode køyrer Valldal Idrettslag trakkemaskina i lysløypa på Omenås kvar dag heile vintersesongen. I påska og utover våren blir det også køyrt opp løyper på Høghjelle/Grønningsæter og frå Langdal og framover til Slettvikane.

Vi inviterer deg til å ta deg ein skitur når det passar deg, i dagslys eller lysløypelys. Det er hyggeleg at du nyttar deg av skiløypene og akebakken. Ein frisk og fin skitur gjer godt både for kropp og sjel. Og er det ein torsdagskveld så kan du ta deg ein tur innom klubbhuset på skikafe. Der kan du avslutte turen med kakao eller kaffi og vaflar og ein god prat. Vi kan konstatere at skikafeen har blitt ein suksess. Dei som er sett opp på vakter stiller velvillig opp slik at den blir gjennomført kvar torsdag mellom nyttår og påske, så lenge det er skiføre. Vi sender ein takksam tanke til dei som "fann opp" dette ein gong på 90-talet i forrige århundre. Skikafeen har vorte ein triveleg møteplass for bygdefolket i vinterhalvåret.

Også i akebakken er det stor aktivitet, særleg torsdagskveldane, og mange set utføre på ski, akebrett eller kjelke. Vi minner om at all ferdsel i akebakken skjer på eige ansvar, og ber brukarane ta omsyn til kvarandre slik at dette blir ein kjekk stad å vere for alle aldersgrupper.

Mykje av det økonomiske grunnlaget til langrennsgruppa kjem frå det årlege Olsokarrangementet vårt, som i år som tidlegare hadde fokus på jordbær, rulleski og lokale artistar. Nytt av året var at vi stod som arrangør av ein SKRUK-konsert i kyrkja fredagskvelden. Dette trekte eit stort publikum og vart ein fin start på olsokhelga. Desse sommarinntektene gjer at vi kan ha oppkøyrt skiløyper og akebakke gjennom heile vinteren.

Styret vil gje honnør til dei trufaste medhjelparane som har vore med i "alle år" og som framleis stiller på når dei blir bedt om å hjelpe til på eit skirenn eller på ein annan måte. Utan dykk hadde det ikkje gått! Tusen takk til dykk - og til alle andre som gjer ein innsats for langrennsgruppa!

## God skitur i 2012!

Helsing  
Langrennsgruppa i Valldal IL



## Ingalåmi

12. mars var det dukka for Ingalåmi – dameskirenn på Lillehammer.

15 eller 30 kilometer var valet vi hadde når det gjaldt distansar.

Det at vi melde oss på Ingalåmi i november ga oss eit lite press på oss til å gå på ski opp til fleire gongar i veka i tida før rennet.

Den største utfordringa for oss var kanskje ikkje forma, men skia. Mange av oss var van med å ha "eksperthjelp" til å smøre skia før vi tok treningsturen i lysløypa – kva skulle vi no gjere når vi no skulle ut å reise på eigenhand?

Til alt hell vart det kaldt og stabilt vær slik at voks var det vi måtte forhalde oss til. Skia vart etter alle kunstens reglar smurt fredagskvelden og dei fleste av oss hadde perfekte ski som held gjennom heile løpet på ein strålande solskinnssdag. Flotte løyper og damer i alle aldrar deltok. Totalt sett ei flott oppleving og eit flott arrangement som er å anbefale til andre spreke damer.

I mars 2012 er vi på plass igjen.

## Løsninger for næringslivet

- Microsoft Dynamics NAV - økonomi og logistikk
- Compello - systemet for elektronisk faktura og dokumenthåndtering

**Vi utvikler og integrerer systemer/ løsninger på oppdrag for kunder**

**For offentlig forvaltning leverer vi Jupiter Innsyn – enkel og sikker publisering på Internett**

**Jupiter System Partner AS**

Postboks 246  
Sjøgata 2  
NO-9253 Tromsø

Telefon +47 77 66 66 30  
Faks +47 77 66 66 33  
kolbjorn.engeseth@jupiter.no  
**www.jupiter.no**



# Valldal IL – frisk og sprek – eller?

**Valldal idrettslag er inne i sitt 92. år. Altså langt opp i pensjonsalderen. Er det ein oppegående og vital pensjonist eller er det alderen som set sit preg?**

Lat oss ta ein tur på stadion ein augustkveld. Der kryr av entusiastiske, unge fotballspelarar som fintar, driblar, scorar, jublar – og kanskje ikkje får det heilt til. Det er kamp mot Ravn sitt jentelag og Blindheim sitt gutelag, eller er det Stordal? Foreldre og lagleiarar er engasjerte og heiar og støttar sine håpefulle. Aktiviteten er stor, og det er ikkje berre denne kvelden.

Neste kveld er det friidrettscup. 60 meteren går unna på ny pers for tiåringen og jenta på elleve er hoppande glad når ho passerar den magiske 2-meters grensa i lengdegrøpa. Og når debutanten i liten ball får tilbakemelding frå ein entusiastisk far og er den heldige vinnaren av kveldens uttrekkspremie, då er det verdt turen!

Trimpostane på særtrar og fjelltoppar er godt besøkt og mange når målet sitt å vere innom alle 12 postande i løpet av sommaren.

Hausten kjem og vinteren til slutt. Det er full fart i løyper og bakkar med ski på føtene. Det er trening og cup og så er det klart for vinterens høgdepunkt- VM eller valldalsmesterskap.

På Samfunnshuset er førebuingane godt i gang til ny fotballsesong både for G14 og J12 og mange andre lag.

Stadion med tilhøyrande klubbhus som stod ferdig midt på 1980-talet er i bra stand. Lysløypa har hatt mange oppgraderingar gjennom 40 år og er mykje brukt på vinteren.

Dette ser svært så bra ut. Det er aktivitet, det skjer noko heile året, Valldal IL er oppegående. Men, ja, er det eit "men"? Kvar er juniorar og seniorar på fotballbana? På sidelinja ja, men ikkje på bana. Kvar er ungdommane på friidrettsbana? Og finn dei ikkje skiløypa lenger? Det er mange frå Valldalen på Birkebeinarrennet, men dei fleste har nok i passert den første ungdommen.

Gamle Idvollen er utbetydeleg brukt og er snart grasbane, og på Myklebust er det vanskeleg å sjå at der var skihopparane sitt eldorado for nokre år sidan. Når det er årsmøte er det god plass og i verste fall må det fleire møter til før alle verv er fylt.

Ja, her ligg nokre utfordringar, kanskje mange også. Er det alderen som har teke overhand? Nokre seier det slik at alder er ei tal, det er kva ein føler sjølv som er avgjerande, og det må vere rett. For det første må vi ikkje finne berre problem og vanskar. Det er mykje positivt, jfr augustkvelden på stadion. Lat oss ta vare på dette, bruke det vidare. Men ikkje gape for høgt, alt kan ikkje gjerast på ein gong. Det må vere fokus på det vi først vil gjere. Kvifor held vi på med det vi gjer? Kva vil vi oppnå? Kva gjer vi? Dette bør alle vere opptekne av og ein slik diskusjon er interessant og spennande og gje grunnlag for arbeidsplanar i laget. Gruppene har sine utfordringar, det har også langrennsgruppa. Rekrutteringa til skisporten er ikkje så stor som for nokre år sidan og dette bør vere eit hovudtema i arbeidet med gruppa sin arbeidsplan. Trakkemaskina vert eit år eldre for kvart år, og det merkast. Alle interesserte i skisporten bør vere med i diskusjonen som skal ta gruppa vidare.

Med positiv innstilling og dyktige medlemmar og andre støttespelar vil laget gå vidare. Då er det ikkje nokon fare at laget såg dagsens ljøs allereie i 1919. Nei – alder er inga hindring for Valldal Idrettslag.



NORSK TIPPING



**Alf Tafjord**

**Landhandel**

*joker*

**Opningstider**

Måndag - Fredag 9-18

Laurdag 9-15

6213 Tafjord - Tlf. 70 25 81 22

## Tafjord Camping

6213 Tafjord. Telf. 70 25 80 79 - 70 25 80 37

Innehavar Oddfrid Tafjord - Audun Walle

**Hytter - utleigeplassar for campingvogner  
og telt - kiosk - båtutleige**

Vi gjer det meste  
for dei fleste



**BYGDESERVICE**

Valldal Bygdeservice BA

6210 Valldal

tlf. 911 60 474



Så er vi i gang.

## Kva i all verda gjer eg her?

Det var vel noko slik eg tenkte det – ein tidleg laurdagsmorgon i mars da det berre var få sekund igjen til startskotet – skulle gå for Birkebeinerrennet 2011. Eg hadde meldt meg på i starten av november 2010, men da er starten på rennet så langt unna at det ikkje er noko problem å “vere tøff i trynet”. På den tida virka 54 km på ski frå Rena til Lillehammer som ei relativt grei oppgåve (under føresetnad av at ein fekk trene nokolunde greitt gjennom vinteren og får klaff med skiprepareringa).

Da eg så stod klar for å debutere i Birkebeinerrennet 2011 virka ikkje dette lengre som ein like god ide. 54 km, der første halvdel av løpet går jamt oppover i terrenget! Er skia godt nok preparerte? Har eg funne dagens rette smurning? Vil føret forandre seg? Har eg fått trent godt nok? Ja, ja – eg får berre starte og gjere det beste ut av situasjonen. Det var for seint å snu så da får ein prøve “å feie tvil til side og gjere det beste ut av det. Har ein sagt A så får ein seie B.

Startskotet gjekk så da var det berre å henge seg på feltet. For da å gjere ei lang historie kort – eg kom meg gjennom løypa! Det var tomt for krefter og krampa var aldri langt unna på den siste halvdel – men eg klarte det! “Aldri meir” tenkte eg da eg hadde passert målstreken. Ein “oppegående” person kan ikkje utsetje seg sjølv for dette meir enn ein gong - eller rettare sagt; ein som verkeleg er oppegående har vel vet og forstand nok til aldri å gå birkebeinaren. Eg skulle i alle fall lære av mine feilgrep – det blir ikkje fleire birkebeinerrenn!

Da stiller du kanskje følgjande spørsmål; Har han lært? Allereie eit par dagar etter rennet byrja eg å tenkje på at det hadde vore kjekt å prøve seg på neste års renn. Det var vel eigentleg ikkje så vondt å gå? Fint ver var det også med sol frå skyfri himmel og eit yrande folkeliv langs heile løypa. Når ein no har vore gjennom løypa veit ein også kvar ein kan hente tid ved seinare høve Enkelte hadde til og med heia på meg! (det høyrdest i alle fall slik ut ;-)) No var kroppen i tillegg utkvilt og fylt opp igjen med næring. Ei birkebeinarhelg er også så mykje meir enn eit skirenn. Heile helga har eit sterkt sosialt aspekt og latter og venskapleg spitt er aldri langt unna.

Du skjønar teikninga – fyren har ikkje lært i det heile – 17. mars 2012 er det berre å sitere Jan Eggum – “påan igjen!”. Det verste er at han gjerne vil ha med deg neste gong!

# Starte ny bedrift eller fornye verksemda di?

Vi gjev gratis og profesjonell hjelp til etablering  
og vidareutvikling av bedrifter på indre Sunnmøre.



## FJORDHAGEN

Knutepunktet for næringsutvikling  
på indre Sunnmøre



6210 Valldal  
Telefon 70 25 72 00  
[www.fjordhagen.com](http://www.fjordhagen.com)  
[post@fjordhagen.com](mailto:post@fjordhagen.com)

# KOLO VEIDЕККЕ

## Samspill som skaper verdier

Samspill gjør helheten større enn summen  
av enkeltinnsatser. Det merker våre kunder.  
På det ferdige resultat, men også underveis.

Tlf. 40 00 33 50



# miljøKvalitet as

Totalleverandør av avfallstenester

Innsamling og mottak av alle typer avfall.  
Utleige av container til avfallshandtering/husrydding.  
Metall fritt levert på vårt anlegg

Miljøsanering og riving av bygg.

Jarnes Industripark · 6222 Ikorntnes · T 47 86 50 00 · F 70 25 45 60 · post@miljo-kvalitet.no  
www.miljo-kvalitet.no



Septiktømming - Spyling - Sandfangtømming

Miljoservice as - Stryn Miljøpark - 6783 Stryn - Tlf: 57 87 46 66 - Fax: 57 87 76 60 - E-post: miljoservice@septik24.no

# Muri Hytteutleige

6210 Valldal Tlf. 70 25 75 42



[www.juвет.com](http://www.juвет.com)





Lokalavisa Storfjordnytt – Trykksaker – Print – Gravferdssalmar

# Storfjord BLADLAG AS

6210 Valldal – Tlf. 70 25 78 50 – E-post: [post@storfjordnytt.no](mailto:post@storfjordnytt.no)

**GÅ IKKE GLIPP AV  
DE FERSKE NYHETENE FRA  
DITT DISTRIKT.**

- Bli fast leser- bestill abonnement!  
Tlf. 70 12 00 00
- Send SMS med kodeord AVIS til 901 20 901  
eller bestill på [smp.no](http://smp.no)

## Sunnmørsposten

# Velkommen til Lupinen Kafé

Søndagsbuffet kvar søndag kl. 12.00 – 18.00

Opningstider:

Måndag – laurdag kl. 12.00 – 18.00

Søndag kl. 12.00 – 18.00



**Selskap – Kurs – Møte – Catering**

*Velkommen innom!*

Mat og drikke i sentrum av Valldal – Tlf. 70 25 84 10



*Totalleverandør av elektriske tenester*



**Tafjord Elektro AS**

**Tlf. 70 25 85 40**



# Fjord1

## Buss Møre

Tlf. 70 27 34 00 – Faks 70 27 34 01

### SLAKTERI

Produksjon av  
ferske kjøttvarer og spekemat

**RINGDAL**  
KORTREIESTE, GODE KJØTTVARER



6218 HELLESYLT - TLF. 70 26 9100 FAKS 70 26 91 11  
NØDSLAKT 905 28 196



# Målarmeister Oddvin Westerås

6216 GEIRANGER  
Tlf.: 702 63 181 Mobil: 911 56 298 Fax 70 26 07 04



## Felleskjøpet

**Totalleverandør til landbruket**

**Kraftfor, gjødsel, plantevernmidlar, maskiner.**

Arve Gjelsten  
mob. 909 89 374


Tore Gjelsten  
mob. 952 46 004

Batian Weiberg Aurdal  
mob. 952 01 391



# Valldal **Hytteservice**

Ivar N. Heggen – 6210 Valldal – Tlf. 70 25 77 42 Mobil 976 69 976



## **VALLDAL AUTO-MASKIN**

**6210 VALLDAL – TLF. 70 25 75 54**

### QUINTA SORIA MORIA



Velkommen til  
vår verden  
[www.qsm.as](http://www.qsm.as)



JANGAARD EXPORT

# JANGAARD EXPORT AS

6001 Aalesund – Norway



**SKÅRBREVIK**  
AUT. TRAFIKKSKOLE AS

MOA, 6018 ÅLESUND – TLF. 70 14 58 00  
KIRKEGT. 4 – 6004 ÅLESUND – TLF. 70 12 60 83



**Saft, syltetøy, gele og belgisk sjokolade**  
**Julegaver**



**Norsk Bæringindustri AS**  
6210 Valldal – Tlf. 70 25 75 11 – [www.baer.no](http://www.baer.no)




**BYGGtorget**

VALLDAL HØVLERI AS

Tlf. 70 25 85 80 - Fax 70 25 85 89

Epost: [post@v-h.no](mailto:post@v-h.no) Web: [www.v-h.no](http://www.v-h.no)

**Alt i byggevarer, jernvare og måling.**



**NORDVESTKRAFT**

- på lag med TAJORD,  
for ekstra KRAFT i sporet

Tlf: 06240

firmapost@nordvestkraft.no

www.nordvestkraft.no

**Har du kome  
i gong?**

**Du gjer ein viktig miljøinnsats når du sorterer ut plasten**


- Plastemballasjen skal vere rein og tørt
- Lever plastsekken samme dag som det er papirinnsamling
- Plastsekken skal stå ved sida av papirdunken
- Brukar du samleanlegg, skal plastsekken plasserast dit
- Neste papir-/plastinnsamling i Norddal er fredag 6. januar



**La oss gjenvinne meir!**



arim.no - tlf 70 16 41 80



**Villmarkspanel**

**Portalstolpar**

**Takåsar**

**Spesialdimensjonar**

**Omenås Sagbruk**

6210 Valldal – Tlf. 90 89 65 40



*– med energi for fremtiden*

# Nordvestlandets beste racingbutikk

Intersport Moldetorget er ledende i fylket når det gjelder utplukking og preparering av skiutstyr. I tillegg har firmaet utviklet en unik kompetanse på sliping og strukturbehandling av ski.

Besøk vår butikk i Molde og se vårt gode utvalg av utstyr for trening og fritid.



Intersport Moldetorget har den nyeste modellen av Wintersteiger steinslipemaskin og infrarød waxmaskin som gir en unik glid.

Intersport  
Moldetorget



tlf: 71219320



# Graving og transport

Levering av pukk, grus og naturmurstein

# GJERDE MASKIN AS

6210 Valldal – Tlf. 950 32 687 – 976 69 982



## Busengdal Transport as

6250 Stordal Tlf. 70 27 93 00 – 915 78 063/907 78 266

E-post: post@busengdal.no - www.busengdal.no

Totalentreprenør innen bransjene:

Graving – Sprenging – Transport – Kraning

Tungtransport – Mobile knuseverk

Vi leverer fra våre knuseverk i Stordal og Digernes.

Grus – Singel – Pukk – Sprengtstein – Murstein – Solda jord



# Farstad Vaskeri AS



6200 Stranda

Tlf. 70 26 21 21 – Faks 70 26 09 13

Mobil 911 85 147 – E-post: olav.farstad@norpost.net

# ***Vi takkar annonsørane for bidraget deira***

<b>Namn</b>	<b>Side</b>	<b>Namn</b>	<b>Side</b>
Alf Tafjord Landhandel	25	Q S M	34
Busengdal Transport AS	41	Rempro AS	13
Christie	17	Remseth Maskin	17
Dalebø & Høghjelle	5	Rørleggar Harald Starheim	8
E-trans	5	Selboskar og Relling Maskin AS	17
Farstad Vaskeri AS	41	Skårbrevik Aut. Trafikkskole AS	36
Felleskjøpet Agri	33	Sparebanken Møre	3
Felleskjøpet Nordmøre og Romsdal	19	Storfjord bladlag AS	31
Fjord1 Buss Møre	33	Stranda Spekemat AS	31
Fjordhagen AS	27	Sunnmørsposten	31
Gjensidige Indre Sunnmøre	3	Syltemoa Sandtak AS	15
Gjerde Maskin AS	41	Tafjord Camping	25
G-Sport Stranda	19	Tafjord Kraftselskap	39
Gullsmed Stamnæss	36	Tafjord Elektro	32
H. L. Muri AS	44	Valldal Auto-Maskin	34
Hellesylt Bygg	5	Valldal Bilsenter AS	10
Intersport Moldetorget	40	Valldal Bygdeservice	25
IpHuse	20	Valldal Grønt AS	4
Jangaard Export AS	35	Valldal Hytteservice	34
Jupiter	23	Valldal Hytter og Fritid	13
Juvet	30	Valldal Høvleri AS	36
Klipplt	10	Valldal Naturopplevingar	17
Kolo Veidekke	28	Villaservice Olje AS	6
Målarmeister Oddvin Westerås	33	Visnes Kalk AS	10
Miljøservice AS	29	Økonsult AS	15
Muritunet	32	Ørskog Sparebank	19
Muri Hytteutleige	29	Årim	38
Norddal Rekneskapskontor AS	6		
Nordvestkraft	37		
Nord-vest Revisjon AS	10		
Norsk Bæringindustri AS	36		
Ole Ringdal AS	33		
Omenås Sagbruk	39		

## SKITRENING I LYSLØYPA

**Tysdagar** kl 18.00-19.00 skileik 6-10 år

**Tysdagar** kl 18.00-19.30 fristil 11 år og eldre

**Torsdag** kl 18.30-20.00 klassisk stil, 11 år og eldre

Treningane er opne for løparar frå Valldal, Liabygda, Stordal, Eidsdal og Norddal.

Det er også høve til å vere med på treningar i regi av Stordal IL/Liabygda IL i lysløypa på Stavseng-fjellet onsdagar kl 18.00

## SKIKAFE

Torsdagar på klubbhuset 18.00 – 20.30.

## SMØRJEKURS

Måndag 9. januar 2012 kl 19.30 Grunnleggande prinsipp for smørjing av ski  
 kl 20.30 Vidaregåande kurs, spesielt for dei som har planar om å gå skirenn denne vinteren  
 Kurshaldarar: Geir Myklebust og Harald Gjedrem

## LØYPER

Lysløypa vert preparert slik:

Måndag – fredag preparert til kl 18.00

Laurdag – søndag preparert til kl 12.00

Lysløypa kan også verte preparert på formiddag på kvardagar dersom tilhøva krev det

## Skileikområdet

Måndag – fredag preparert til kl 18.00 **All bruk på eige ansvar.**

Laurdag- søndag preparert til kl 12.00

## Løyper på Høghjelle-Grønningsæter-øvre Valldal

Vert preparert når tilhøva krev eller tilseier det. Vert kunngjort

## UTLÅN AV SKI

Langrennsgruppa disponerer skøyteski for gratis utlån til barn 9-12 år som er medlem i VIL og som vil vere med på treningar og delta i lokale renn. Interessert? Ta kontakt med Geir Myklebust tlf 40 21 42 45

## DEKKING AV STARTKONTINGENT

Langrennsgruppa betalar startkontingent på sone- og kretsrenn utanbygds. Ved felles reise til sone- og kretsrenn dekker langrennsgruppa ferjebillett for løparar og sjåførar/leiarar. For nasjonale renn er det fastsett eigne retningslinjer for dekking av reise, opphald og startkontingent

## MEDLEMSKAP –LISENS

Alle som deltek i organiserte aktivitetar i regi av langrennsgruppa (trening,skirenn)må vere medlem i Valldal IL. Giro er lagt ut på klubbhuset. Dei som er 13 år eller eldre må betale startlisens/ forsikring til Norges Skiforbund. Alternativt kan det betalast lisens på kvart enkelt renn. Gjeld også turrenn. Ta eventuelt kontakt med leiar.

## STØTTE TIL LØYPEKØYRING

Drivstoff, vedlikehald og transport av trakkemaskina kostar pengar, og vi er takksam om du støttar løypekøyringa med eit større eller mindre beløp. Gi ei gåve til kontonummer 4020.30.40824, merk med *gåve løypekøyring*. På førehand takk for støtta!

# **muri**

**Butikksenteret i Valldal  
med det store utvalet!**

---



**med fristande ferskvareavdeling**

---

**MEDISINUTSAL FOR VITUS APOTEK**

---

**MØBLAR - HAGEMØBLAR – TEPPER –  
UTSTYRSVARER - GÅVER - GLASS  
LEIKER - TEKSTIL  
POST I BUTIKK – TIPPING**



**NORSK TIPPING**

# **muri**

**H.L. MURI AS** • Sylte • 6210 Valldal  
Tlf. 48 08 21 01 – [www.hlmuri.no](http://www.hlmuri.no) – [post@hlmuri.no](mailto:post@hlmuri.no)